

Alver kommune

Saknr.: 20/15960

Eigarane av hyttene gnr. 84 Kvalvågnes, bnr. 19, 20, 25 og 26 ber om utsetjing av det pålegget eigar av gnr 84, bnr. 4, Nils Kvalvågnes, har fått om tilbakeføring av det Alver kommune hevdar er ulovlege tiltak. Tidsfristen for tilbakeføring er sett til 20. januar.

Grunnen til at me ynskjer utsetjing er at me vil søkja om byggjeløyve for fire parkeringsplassar i det området som skal tilbakeførast og lovleggjing av oppgradering av gardsvegen som også vil tena som veg opp til den opparbeidde parkeringsplassen for bnr. 25.

Om fristen for tilbakeføring av det som alt er utført ikkje vert endra, vil dette føra til større kostnader for oss dersom byggjesøknaden for parkeringsplassane og lovleggjing av vegen opp til bnr. 25 seinare vert godkjend av kommunen. Då må i så fall parkeringsplassane og vegen først verta tilbakeført til tilstanden før tiltaket, for så seinare å verta opparbeidd på nytt etter godkjend søknad for oss.

**Me ber difor om at pålegget om tilbakeføring vert utsett til søknadane om byggjeløyve for parkeringsplass og lovleggjing av gardsvegen fram til bnr. 25 er handsama av Alver kommune.**

Me sender eigen søknad om byggjeløyve for parkeringsplassar og lovleggjing av veg.

*John Ragnar Myking*

John Ragnar Myking

på vegner av eigarane av hyttene gnr. 84, bnr. 19,20,25 og 26

Kopi til hytteeigarane og grunneigar